



Sau prosjektet i mål

Prosjektet "Ny giv i saueholdet i Aust-Agder 2015-2018" blei avslutta i februar i år og sauetallet har auka på Agder. Sjølv om næringa no er inne i eit uføre, er det grunn til å tru på rask betring. Førsituasjonen frå sommaren 2018 har redusert tal vinterføra sau med fleire prosent i høve 2017, og marknadsbalansen er like om hjørnet.

Skrevet av: jakob.saaghus@nlr.no



Fylkesleiar i Aust-Agder Sau og Geit, Kåre Blålid. Foto: Jakob Saaghus

NSG-fylkeslag tok grep

Prosjektet kom i gang etter initiativ frå fylkeslaget i Aust-Agder Sau og Geit, ved fylkesleiar Kåre Blålid. NLR Agder blei prosjektleiar med Jakob J. Saaghus som prosjektleiar.

Saueholdet i Aust-Agder var i fritt fall, og nær halvert frå årtusenskiftet, frå 18.000 til omlag 10.000 vinterføra sau i 2012. Næringa tok sjølv grep, og prosjektet kom i gang med svært god hjelp frå Fylkesmannen i Agder, Fylkeskommunen og Setesdal Regionråd.

Mål om å auke rekruttering og lønsemd

Hovudmålet med prosjektet var å "stoppe" nedgangen i sauetallet gjennom å styrke fagmiljøet, auke rekruttering og kompetanse, redusere tap av dyr på beite og ikkje minst, auke lønsemda. Prosjektet fekk ein god start med over 100 frammøtte sauebønder på to mobiliseringsmøte, eitt i Froland og eitt på Ose.

Konkrete resultat

Prosjekt går fram i tid og svært mange faktorar kan påverke resultatet. I prosjektperioden har sauetallet auka med 23 %, frå 10.500 til 13.500 vinterføra sau. Det er arrangert 37 fagarrangement med ulike tema, spreidd over heile fylket. Fleire av arrangementa har vore "stormøte" der alle sauebønder i fylket er blitt invitert, med stor deltaking. Nye fjøs er bygd og gamle er oppgradert. Søknader til Innovasjon Norge syner eit kostnadsgrunnlag på over 50 mill. kr.


Tilslutning til sauekontrollen er meir enn dobla og det har vore sterkt fokus på å styrke sauehelsa, auke rekrutteringa og betre lønsemda med konkrete tiltak, slik intensjonen var. Buskapstørrelsen har auka frå 45 til 57 dyr i same periode, i tråd med dei politiske føringar, også kalla Lishaugeffekten. Etter prisfallet på kjøtt hausten 2017, blei fokuset på dei ulike arrangementa dreid meir frå kvantitet til kvalitet.

Tabell 1: Tabellen syner utvikling av sauetallet og antal foretak som søker produksjonstilskot i Aust-Agder frå 2000 til 2018. Den negative trenden har snudd.



Frå folkefesten på Helle, med nógde og oppstasa sauebønder, tre flunka nye sauefjos med rom for 1000 vinterføra dyr og ein smørblid landbruksminister, Jan Georg Dale. Foto: Jakob Saaghus

Kommentert [NR1]:



Tabell 2: Tabellen syner tal saker som er sendt Innovasjon Norge, og samla investering og tilskot. I tillegg har fleire kommunar gjeve kommunalt tilskot.

| | Tal saker | Sum tilskot, kr | Samla investering, kr (ca) | Fordeling Kyst/Innland |
|------------|-----------------|---------------------|----------------------------|------------------------|
| 2014 | 6 | 2,170 mill. | 10,85 mill. | 2 kystprosjekt |
| 2015 | 9 | 3,920 mill. | 19,60 mill. | 2 kystprosjekt |
| 2016 | 6 | 2,335 mill. | 11,67 mill. | 1 kystprosjekt |
| 2017 | 3 | 0, 540mil. | 2,16 mill. | 0 |
| 2018 | 7 | 2, 170 mill. | 8,68 mill. | 1 kystprosjekt |
| Sum | 31 saker | 11,135 mill. | 52,96 mill. | |



Eit eksempel på nytt sauefjos som vart bygd i prosjektperioden. Frå Helle. Eigarar er Tove Hilde og Egil Åmli. Foto: Jakob

Saman er vi sterke

Gode møteplassar og samarbeid mellom dei ulike faglaga, på tvers av kommunegrenser, er etablert og prosjektet har framsnakka den viktige jobben sauebøndene gjer med å produsere lammekjøt av ypparste kvalitet.

Ein vil nytte høve og gi ein stor takk til Fylkesmannen i Agder, fylkeskommunen, Setesdal regionråd og NLR Agder for økonomisk støtte. Takk også for eit glimrande samarbeid både med NSG-fylkeslag og dei mange lokallag.